


GULEN KOMMUNE



**PLAN FOR KOMMUNALE
BUSTADER TIL BRUKARAR MED
SÆRLEGE BEHOV**

Innleiing:

I sak 77/05 i Formannskapet vart det sett ned ei plannemnd for kommunale bustader til brukarar med særlege behov.

Nemnda fekk slikt mandat:

- a) Kartlegge nærmere behovet for nye butilbod. Avsett sum i økonomiplanen vert ei førebels ramme for prosjektet.
- b) Vurdere løysingar som inneber bufellesskap. Målet må vere at brukarane sine individuelle behov vert ivaretakne samstundes som det skal vere høve til å legge opp til rasjonell drift/samhandling med andre deler av pleie og omsorgstenesta
- c) Vurdere løysing som inneber omdisponering av eksisterande bustadmasse
- d) Vurdere løysing som inneber påbygg eksisterande bustadmasse
- e) Kartlegge nærmere behov for arbeids/fritidstilbod

I same møtet vart det sett ned ei nemnd med fylgjande samansettning:

- Ordførar; leiar Trude Brosvik
- Leiar P.U.; sekretær Ingebjørg Søreide
- Leiar hovudutval for omsorg Arve Mjømen
- Leiar drift og vedlikehald Jon Gisle Systaddal (Geir Haveland)
- P.P. rådgjevar Hildegunn Waage
- 2 brukarrepresentantar (foreldre)
- Representant for dei tilsette, Kirsten Solheim (fag forbundet) vara Solfrid Oppedal

Ugildskap:

Leiar hovudutval for omsorg Arve Mjømen vart funnen ugild grunna eigar av Mjømen og Berge AS. Firmaet er involvert i bygging av omsorgsbustader på Byrknesøy. Herfinn Takle vart vald som ny representant frå hovudutvalet. Takle hadde ikkje høve til å møte i plannemnda. Øyvind Lid vart vald som vararepresentant.

Synne Tveit og Nils-Arne Virkesdal vart oppnemnde av foreldre/pårørande som brukarrepresentantar. Virkesdal vart funnen ugild grunna utleige av husvære til Helse-Vest. Foreldregruppa valde Astrid Uthaug som ny representant.

Merknad frå brukarrepresentantane:

Mandatet til nemnda synes noko einsretta i forhold til vurdering av fleire alternative lokalitetar i kommunen, i dette høvet er kun Dalsøyra som lokalitet blitt utreda. Nemnda har også fått ein dårlig start med relativt mange utskiftingar av medlemmar. Planutredninga er sterkt prega av at lokaliseringa er forutbestemt skal vere på Dalsøyra. Dette har ført til ei viss innsnevring på nemnda sitt arbeid. Kommunen må i første rekke syte for at foreldre og pårørande blir positive medarbeidarar til slike tiltak, dette er ikkje tilhøve no, med 1 interessaert pr. dags dato.

Observatør frå Masfjorden kommune har vore tilstades på tre møter.

Nemnda har hatt 9 møter.

- Ei synfaring til Kjellevold
- Eit fellesmøte med plannemnd for Strategi pleie og omsorg
- Ekskursjon til Meland og Lindås kommunar
- Møte med representant ifrå Fylkesmannen. Foreldre var også inviterte til dette møtet
- Møte med representant ifrå NAV Høyanger og inspektør ved Austrheim vgs.
- 4 arbeidsmøter

Mandat punkt A:

Kartlegge nærmere behovet for nye butilbod. Avsett sum i økonomiplanen vert ei førebels økonomisk ramme for prosjektet

Med utgangspunkt i mandatet starta plannemnda arbeidet med ei kartlegging av kva trond det er for nye butilbod.

Dei to foreldrepräsentantane som er med i plannemnda fekk i oppgåve å spørje dei foreldra som enno ikkje har eit butilbod for barna, men som kan tenkast å ha trond for eit slikt tilbod. Sju foreldrepar vart kontakta, medan det totalt gjeld åtte born i alderen 6-19 år (eit foreldrepar har to born). I tillegg har det vore samtalar med to av foreldrepare der fagpersonane i plannemnda saman med leiar tok initiativ til desse samtalane. Fagpersonane har og vore i kontakt med foreldre i samband med at dei er koordinator for to familiar der ein har drøfta butilhøve for deira born. Utifrå denne kartelegginga kom ein fram til følgjande:

Dei fire eldste brukarane går på Austrheim vidaregåande skule. Ein av desse ynskjer ikkje eit butilbod, men skal bu saman med forelder. Ein annen i denne gruppen har kjøpt seg bustad som vil verte innflyttingsklar sommaren 2007. Den tredje ynskjer eit tilbod om tidlegast 10 år, og den fjerde ynskjer også eit tilbod, men vurderer å byggja sjølv.

Når det gjeld dei yngre brukarane er det berre ein som klart ynskjer eit kommunalt tilrettelagt butilbod i form av eit bufellesskap saman med andre psykisk utviklingshemma. Den andre ynskjer å flytte til annen kommune. Ein tredje veit ikkje, og den fjerde ynskjer eit butilbod, men vurdere å byggja sjølv.

Kartlegginga syner at ein pr dags dato berre har ein brukar der foreldra klårt ynskjer ei løysing innafor mandatet. To andre brukarar ynskjer eit tilbod i eit bufellesskap, men vurderer å byggja sjølv. Foreldra er sterkt imot at borna skal bu saman med andre psykisk utviklingshemma, som fungerer betydeleg dårligare enn deira eigne born. Dette tilhøvet kan og vere problematisk utifrå eit fagleg perspektiv. Kartlegginga syner at det kan verte vanskeleg å innfri desse ynskja. To andre brukarar er i "veit ikkje gruppa", og vil mest sannsynleg ikkje ha trond for tilbod dei nærmaste ti åra. Andre aktuelle godtfungerande brukarar ynskjer ikkje eit kommunalt tilrettelagt butilbod.

Dei tre siste seier klårt at dei ikkje ynskjer eit kommunalt tilrettelagt butilbod frå Gulen kommune.

Så om ein med utgangspunkt i foreldra sine ynskjer skal vurdere eit eventuelt bufellesskap, blir dette vanskeleg. Samtidig blir det vanskeleg som kommune å la foreldra vere dei som har det avgjerande ordet. Det blir fort dyre individuelle løysingar, som vil gå ut over anna drift i kommunen, samstundes kan løysingane blir vanskelege å drifte.

Dersom ein ynskjer å trygga ei rasjonell drift kan ein likevel vurdere ei løysing innanfor mandatet. Fylkesmannen som har hatt eit innlegg i plannemnda, seier at det i prinsippet er foreldra som bestemmer kor borna deira skal bu. Samstundes seier han at det ikkje er sjølvsgått at dei kan få alle tenestene dei meiner dei har trong for, uavhengig av kor dei bur. Spesielt om det er trong for nattevakt, er det ikkje sjølvsgått at kommunen kan yte denne tenesta alle stader i kommunen.

Grunnlaget for ei vurdering tek utgangspunkt i Sosialtenestelova (formålsparagrafen) punkt b §1: "bidra til at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre."

Merknad til mandat punkt A frå brukarrepresentantane:

Det er framhelde at det blir vanskeleg å la foreldra være dei som har det avgjerande ordet i saka. Men det står også at det blir vanskeleg å bygge eit bu-fellesskap utan at foreldra ynskjer dette. Kven står nærmare enn foreldra til å bedømme barnas beste, er det nokon andre som er betre kvalifisert. Deira livskvalitet og trivsel er svært personavhengig.

Mandat punkt B:

Vurdere løysingar som inneber bufellesskap. Målet må vere at brukarane sine individuelle behov vert ivaretakne samstundes som det skal vere høve til å lege opp til rasjonell drift/samhandling med andre deler av pleie- og omsorgstenesta

Punkt B vert handsama i punkt C og D.

Nemnda finn det naturleg å skrive noko om organisering av tenesta under dette punktet.

Organisering av tenesta:

P.U. tenesta er i dag organisert som eiga eining, med eigen einingsleiar. Som for resten av pleie- og omsorgstenesta slit tenesta med å rekruttere, og behalde tilsette. Slik tenesta er organisert, er dei tilsette knytt opp mot faste brukarar. Dette er positivt med omsyn til faste rutinar og ein forutseibar kvardag for brukarane. Brukarane vert svært avhengige av dei fåe faste tilsette, og det er vanskeleg for ein vikar å ta ei vakt på kort varsel. Dette eit svært sårbart system ved ferieavvikling, sjukdom og når tilsette sluttar. Ei organisering av tenesta der fleire tilsette vert knytt opp mot kvar brukar vil betre på dette. Utifrå dei tilsette sin ståstad, vil ei slik organisering også vere positiv. Arbeid med brukarar som krev 1:1 bemanning er på sikt svært slitande, og kan føre til sjukmeldingar.

Ved ei utbygging av P.U. tenesta i Dalsøyra område, og ein meir felles bruk av både areal og tilsette, vil det vere naturleg å sjå på ei felles organisering og leiing. Ei slik løysing vil kunne føre til ein meir fleksibel bruk av personalet. Dette vil truleg føre til økonomiske innsparingar med mindre bruk av overtid og vikarar.

Merknad til mandat punkt B frå brukarrepresentantane:

Organiseringa av dei nødvendige tenestene utifrå ein tanke om at brukarane får bu der dei ynskjer, er pr. no ikkje utreda på ein tilfredsstillande måte, eller i det heile. Utredinga synes mangelfull også kva angår foreldra sine ynskjer om eigne bustader til brukarar med særlege behov og driftning av desse. Det er ikkje noko som tyder på, eller er dokumentert, at ikkje individuelle avtalar kan inngåast også på dette feltet. Det er ikkje nødvendig å bruke 4 mill. Kroner på noko som det ikkje er ynskje om. Kanskje kommunen bør legge planen i ro ei tid, til ein ved seinare høve finn betre grunnar til å etablere eit bufellesskap fleire av foreldra som positive medarbeidarar.

Mandat punkt C:

Vurdere løysing som inneber omdisponering av eksisterande bustadmasse

Eksisterande bustadmasse lokalisert på Kjellevold er i dag:

- Dalsøyra bu- og omsorgssenter; 10 husvære, to av desse vert nytta til avlastningshusvære.
- Kommunal bustad; 3 husvære. Det eine husvære vert nytta til avlastning, medan dei to andre vert leigde av to brukarar. Bustaden har også eit lite rom som vert nytta til kombinert kontor/vaktrom.
- Privat omsorgsbustad Stølsåsen. To brukarar eig bustaden, medan kommunen syter for bemanning. Kommunen og eigaren har inngått ein avtale om fordeling av driftsutgifter. I underetasjen er det eit eige husvære med to soverom.

Nemnda har vore på synfaring på Kjellevold. Utifrå synfaringa og kjennskap til brukarane, har nemnda drøfta korleis omdisponering av eksisterande bustadmasse eventuelt kan gjennomførast.

Omdisponering av Dalsøyra bu- og omsorgssenter. Folketalsstatistikken syner at talet på eldre over 80 år har gått ned dei siste fem åra, og nedgangen er stipulert til og halde fram dei neste ti åra. Aldersgruppa under 67-79 år syner derimot ein stor auke. Nemnda har drøfta omdisponering av husværa ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter knytt opp til brukarar med særlege behov. Deler av plannemnda stiller seg skeptisk til ei slik blanding av brukargrupper. Både med omsyn til dei eldre som fort kan føle seg utrygge, og med omsyn til brukarane med særlege behov og deira pårørande. Ein kan lett føle seg både institusjonalisert og stigmatisert. Ei slik løysing kan møte stor motstand frå ulikt hald.

Plannemnda har derimot sett på ei mindre stigmatiserande løysing med utgangspunkt i ei omdisponering av Dalsøyra bu- og omsorgssenter. 1-2 husvære kan fysisk skiljast for å nyttast til avlastning for born. Noko som og vil frigjere neverande avlastningshusvære i Kommunal bustad. Nattevakt blir automatisk aktuelt når det er snakk om avlastning for born. Ein vil då kunne gje tilbod og fast nattevakt også til brukarar ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter. Dette blir ikkje nødvendigvis ei billig løysing dersom brukarane i den kommunale bustaden og krev ei nattevakt. Grovt rekna tilsvrarar ei vakande nattevakt to heile stillingar, og ein kostnad på om lag ein million. Kvilande nattevakt tilsvrarar om lag 70% stilling, og bakvakt (heimevakt) om lag 40% stilling. Ei anna ulempe med dette alternativet er at det vert færre husvære til

eldre, og at det til ein viss grad blir ei blanding av brukargrupper. Samstundes vert brukarar med særlege behov spreidde i fleire separate bustader, og det kan føre til mindre fellesskap både for brukarane og dei tilsette. Ein fordel vil jo vere at kommunen har ein bustad til disposisjon dersom ein brukar har trong for det. Kommunen har då noko å tilby framfor at foreldra tek skeia i eigne hender.

Merknad til omdisponering av Dalsøyra bu- og omsorgssenter fra Lid:

Etter andre setning: Det kan difor vere usikkert om Gulen kommune vil få overskot på husvære knytta til eldre, og av den grunn er det uklokt å planlegge ei omdisponering av desse husværa til andre brukargrupper.

Omdisponering av Kommunal bustad. Brukarar som ikkje treng fast tilsyn om natta kan ha husvære i Kommunal bustad. Dersom det vert ledig buareal kan dette nyttast til fellesareal for brukarane.

Omdisponering av privat omsorgsbustad Stølsåsen. I denne bustaden er det to brukarar som krev 1:1 bemanning om dagen, og ei vakande nattevakt. Husvære i underetasjen er i dag utleidt av eigaren til Helse-Vest. Dersom kommunen inngår leigeavtale med eigaren, kan dette husvære nyttast til fast bustad for to brukarar som kjenner kvarandre, eller nyttast til avlastningshusvære. Ei ulempe med dette alternativet er lite eigna uteområde for brukarane.

Mandat punkt D:

Vurdere løysingar som inneber påbygg av eksisterande bustadmasse

Nemnda har vurdert to alternativ for påbygging:

1. Byggje saman Dalsøyra bu- og omsorgssenter med Kommunal bustad.

Med utgangspunkt i plassering i terrenget er det mogeleg å byggje saman desse to bustadane. Det nye ”midtbygget” er tenkt knytt opp mot brukarar med særlege behov. I teikningane ligg det inne 3-4 husvære, fellesareal, administrasjonsdel og ein ny ambulansestasjon som Helse Førde har meldt trong for. Stasjonen gjer at kommunen vil kunne spare noko på drift, då Helse Førde har lagt føringar for at ein kan nytte ambulansepersonalet til noko forfallande arbeid. Dette alternativet gjev god utnytting av personalet, spesielt i høve til nattevaktteneste, føresett at ein klarer seg med ei nattevakt. Dei eldre ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter vil få tilgang til fast nattevakt. Det vil også føre til at fleire brukarar vert samla i same bustaden, og det vil vere høve til sosialt samvær i fellesareal. Dette vil truleg ha positiv effekt både for brukarane og dei tilsette. Brukarrepresentantane er negative til dette alternative grunna lite og ueigna uteområde, og at ulike brukargrupper vert ”blanda”.

2. Påbygg av privat omsorgsbustad Stølsåsen.

Nemnda har vore på synfaring på tomten. Dette alternativet vil truleg føre til mindre institusjonalisering og stigmatisering. Bustaden har utsjånad som eit ”vanleg” bustadhus. Kommunen er eigar av nabotomten. Ved ei eventuell påbygging kan denne tomten nyttast. Tomtearealet er noko bratt, og det er ei høgspentline som truleg må flyttast. Dersom ein plasserer brukarar som treng fast nattevakt i husværa i påbygget, kan nattevakta som allereie er i bustaden nyttast. Nattevaktressursen kan då nyttast optimalt. Ei ulempe ved dette alternativet er at bebuarane ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter ikkje kan nytte seg av dette tilbodet. Ei anna ulempe er at det vert stor spreiing i funksjonsnivået. Samstundes kan det vere slik at dess fleire brukarar ein samlar på ein plass, dess større sjanse er det for at nokon av dei ha glede av

kvarandre –berre når er det hensiktsmessig at dei er saman. Ein annan fordel er at kommunen unngår å blande ulike brukargrupper.

Nemnda har også sett på eit alternativ med nybygg på nedsida av vegen for Kommunal bustad. Dette alternativet ligg utanfor mandatet. Dette alternativet ville føre til at brukarane med særlege behov kunne samlast, og det kunne byggjast opp både eit fagleg og sosialt miljø. Husværa i Kommunal bustad kunne leigast ut til eldre, eller til andre aktuelle brukargrupper. Ei ulempe med dette alternativet er at fast nattevakt for Dalsøyra bu- og omsorgsbustad ikkje kunne la seg gjennomføre.

Merknad til mandat punkt D fra brukarrepresentantane:

Det kjem ikkje an på om nattevaktressursen kan brukast på fleire. Dette er det enkelt vedtaket som bestemmer for kvar enkelt person.

Mandat punkt E:

Kartlegge nærmere behov for arbeidstilbod/aktivitetstilbod

Plannemnda har ikkje i høve til denne problemstillinga gått inn og spurd kvar enkelt kva arbeidstilbod/ aktivitetstilbod som vil vere aktuelt

Ifølge lovens § 8-4 skal tenestetilbodet så langt som mogleg utformast i samarbeid med klienten, og ifølge lovens § 1-1 i sosialtenestelova kap. 4. er formålet at den enkelte får muligkeit til å leva og bu sjølvstendig, og til å ha ei aktiv og meiningsfull tilver i fellesskap med andre. Implisitt i dette ligg at alle våre brukarar har krav på et dagtilbod enten det er i form av arbeid eller aktivitet. Dette er også noko foreldregruppa legg stor vekt på i den forstand at dei seier at så lenge ungdommen deira har ein meiningsfull jobb/aktivitet, og ei meiningsfull fritid helst i nærleiken av der dei bur, så er det viktigare enn alt anna.

Plannemnda har vore på vitjing i Lindås og Meland kommunar, for å sjå korleis dei organiserer og driv eit slikt tilbod. I Meland kommune hadde dei ei bedrift som inkluderte alle brukarane uavhengig av funksjonsnivå, dei har nok noko betre fungerande brukarar enn det vi har, medan i Lindås var vi på besøk på ei bedrift der nokre av kommunen sine brukarar arbeidde, der forutsette ei viss arbeidsevne hjå brukarane. Dei brukarane som hadde 1:1 bemanning, fekk eit dagtilbod i regi av kommunen. Gulen kommune har pr i dag individuelt tilpassa dagtilbod til våre brukarar fullfinansiert av kommunen.

I denne samanheng hadde vi besøk frå Aetat, som ikkje gav oss mange gode innfallsvinklar, men som sa det låg føringar ifrå sentralt hold om at der ville komme arbeidstiltak som kunne nyttast i høve denne gruppa.

Organisasjonen Sau og Geit har vore i kontakt med Gulen kommune om ein utstillingshall som er under planlegging. Deler av hallen kan nyttast som arbeidsplass for våre brukarar. Vi har også eit samarbeid med Austrheim skule. Elevane som i dag går på Austrheim skule, er på arbeidsutplassering rundt om i Gulen kommune. Arbeidsplassen må tilpassast den enkelte. Men ein får samstundes signal om at ein bør har eit felles utgangspunkt for drift og organisering av dagtilbod, slik at det blir lettare å samkøyre, drifte og administrere.

Alle skal ha eit dagtilbod i form av arbeid/aktivitet. Det kan vere ein fordel å etablere eit arbeidstilbod/arbeidsplass der nokre arbeider, medan andre er knytt opp mot dette, men har sine individuelle arbeidsplassar. Eit slikt tilbod kan organiserast der hovudarbeidsplassen er base, medan andre arbeidsplassar er satellittar. Basen er ansvarleg for å koordinere og organisere drifta ute i satellittane.

Merknad til mandat punkt E frå brukarrepresentantane:

Arbeid bør vere som for oss. Verdsett. Målet med ein arbeidsplass til personar med særskilte behov må vere at ein på arbeidsplassen utfører eit arbeid andre setter pris på, og at ein blir sakna når ein er borte frå jobb t.d. tannlege, ferie.

Her bør også fritidsaktivitetar inn.

Resultat i møte 09.11.06:

Plannemnda for kommunale bustader for brukarar med særlege behov tilrår følgjande strategiar:

1.

Framlegg frå Trude Brosvik og Øyvind Lid:

Nemnda tilrår kommunen å samle brukarar med særlege behov, som krev permanent heildøgn teneste (nattevakt), i eit bustadfellesskap på Dalsøyra. Brukarar som berre treng dagtilbod står fritt med omsyn til val av bustad. Nemnda vil oppmuntre til bufellesskap også for desse, då det vil auke sosialt samvære og gjere det enklare med å legge til rette for arbeids- og fritidstilbod. Nemnda ser fellesskapsløysingar som best for å bygge opp, behalde og rekruttere kompetanse.

Uthaug og Tveit fremja slikt framlegg:

Alle brukarar med særskilde behov skal få tilbod om eit husvære, privat eller kommunalt. Nemnda vil oppmuntre til bufellesskap for dei som på dette tidspunkt ynskjer det, då det for desse vil auke sosialt samvære og gjere det enklare med å tilrettelegge gode arbeids- og fritidstilbod.

Framlegga vart sett opp mot kvarandre, og framlegget frå Brosvik og Lid vart vedteke med 5 mot 2 røyster. (Uthaug og Tveit)

2.

Framlegg frå Trude Brosvik:

Mandatet gjev kläre føringar om å vurdere omdisponering av eksisterande bustadmasse og/eller påbygg av eksisterande bustadmasse. Nemnda vil ut frå dette tilrå at ein som førsteval får til ei løysing med privat bustad i Stølsåsen om tilbygg og leige av kjellarhusvære. Tilbygg skal då romme min. 2 leiligheter. Fellesrom om ønskjeleg, og personalrom viss ikkje slikt er der i dag.

Dette punktet vart sett opp mot slikt punkt frå Øyvind Lid:

Kartlegginga av noverande brukargruppe har vist at det pr dato berre er ønskje frå ein brukar om å ta i bruk eit slikt kommunalt tilbod. Nemnda vil difor tilrå at ei utbygging av omsorgsbustader for brukarar med særlege behov også må kunne nyttast til omsorgsbustader til andre grupper etter behov. Ei sambygging av Dalsøyra bu- og omsorgssenter og omsorgsbustadane på Kjellevold vil etter nemnda si vurdering imøtekomme dette. Den økonomiske ramma for prosjektet på 4 mill. vil etter nemnda si vurdering ikkje strekke til for ei slik sambygging, men her må ein ta i betrakting at det også blir skaffa lokale til Helse Førde si ambulanseteneste ved denne sambygginga, og at ei slik sambygging vil gje klare driftsfordeler for kommunen. Nemnda meiner at utbygginga kan gjerast innanfor kommunen sine eigedomsgrenser ved at ein omdisponerer noko av utearealet.

Ved avrøysting vart det 6 for framlegget frå Brosvik og 1 (Lid) for framlegget frå Lid.

Framlegg frå Uthaug og Tveit til tillegg til punkt 2:

Denne løysinga er avhengig av at foreldre/pårørande ynskjer det.

(Framleggget falt med 3 mot 4 røyster: Astrid Uthaug, Synne Tveit og Solfrid Oppedal
røysta for)

3.

Framlegg frå Trude Brosvik og Øyvind Lid:

Som 2. val vil nemnda tilrå samanbygging av Dalsøyra bu- og omsorgssenter og omsorgsbustadane på Kjellevold. Dette fordi kartlegginga av noverande brukargruppe har vist at det pr dato er få brukarar med ønskje om å ta i bruk eit slikt kommunalt tilbod. Nemnda vil difor tilrå at ei utbygging av omsorgsbustader for brukarar med særlege behov også må kunne nyttast til omsorgsbustader til andre grupper etter behov. Ei sambygging av Dalsøyra bu- og omsorgssenter og omsorgsbustadane på Kjellevold vil etter nemnda si vurdering imøtekommme dette. Den økonomiske ramma for prosjektet på 4 mill. vil etter nemnda si vurdering ikkje strekke til for ei slik sambygging, men her må ein ta i betrakting at det også blir skaffa lokale til Helse Førde si ambulanseteneste ved denne sambygginga, og at ei slik sambygging vil gje klare driftsfordeler for kommunen. Nemnda meiner at utbygginga kan gjerast innanfor kommunen sine eigedomsgrenser ved at ein omdisponerer noko av utearealet.

(Framleggget falt mot to røyster, Lid og Brosvik)

4.

Nemnda vil tilrå at det vert sett av midlar og leigd inn arkitekt for å teikne framleggget.
(samrøystes)

5.

For å få til eit betre arbeidstilbod / dagtilbod, tilrår nemnda at ein inngår avtale med Gulen Sau- og geiteavlslag om felles bygg/bruk av utstillingshallen, forutsett at det er hensiktsmessig for brukarane.

(samrøystes)

6.

Det må vere ein felles koordinator / arbeidsleiar. Denne kan vurderast å knytte til NAV-kontoret.
(samrøystes)

7.

Nemnda rår til at P.U.tenesta blir organisert saman med Open omsorg, med felles einingsleiar. Tenesta må ha eigen fagleg leiar.
(Vedteke mot ei røyst (Lid))

8.

Nemnda har med bakgrunn i val av løysing, sett bort frå Helse Førde sin trøng for areal.
(samrøystes)

9.

I det vidare arbeidet må kommunen, i tillegg til dagtilbod, legge vekt på å få til eit god og meiningsfylt fritidstilbod.
(samrøystes)

Tilrådinga frå nemnda blir då slik:

1. Nemnda tilrår kommunen å samle brukarar med særlege behov, som krev permanent heildøgn teneste (nattevakt), i eit bustadfellesskap på Dalsøyra. Brukarar som berre treng dagtilbod står fritt med omsyn til val av bustad. Nemnda vil oppmuntre til bufellesskap også for desse, då det vil auke sosialt samvære og gjere det enklare med å legge til rette for arbeids- og fritidstilbod. Nemnda ser fellesskapsløysingar som best for å bygge opp, behalde og rekruttere kompetanse.
2. Mandatet gjev klåre føringar om å vurdere omdisponering av eksisterande bustadmasse og/eller påbygg av eksisterande bustadmasse. Nemnda vil ut frå dette tilrå at ein som førstevål får til ei løysing med privat bustad i Stølsåsen om tilbygg og leige av kjellarhusvære. Tilbygg skal då romme min. 2 leiligheter. Fellesrom om ønskjeleg, og personalrom viss ikkje slikt er der i dag.
3. Nemnda vil tilrå at det vert sett av midlar og leigd inn arkitekt for å teikne framlegg.
4. For å få til eit betre arbeidstilbod / dagtilbod, tilrår nemnda at ein inngår avtale med Gulen Sau- og geiteavlslag om felles bygg/bruk av utstillingshallen, forutsett at det er hensiktsmessig for brukarane.
5. Det må vere ein felles koordinator / arbeidsleiar. Denne kan vurderast å knytte til NAV-kontoret.
6. Nemnda rår til at P.U.tenesta blir organisert saman med Open omsorg, med felles einingsleiar. Tenesta må ha eigen fagleg leiar.
7. Nemnda har med bakgrunn i val av løysing, sett bort frå Helse Førde sin trong for areal.
8. I det vidare arbeidet må kommunen, i tillegg til dagtilbod, legge vekt på å få til eit god og meiningsfylt fritidstilbod.